



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Årsrapport 2014  
SMIL- og dreneringstilskot Rogaland  
05.03.2015



Av Nono Dimby

## Bruken av SMIL- og dreneringstilskot i 2014 og disponibelt for 2015

	SMIL	Drenering
Rogaland sin tildelte årsramme for 2014	10,5 millionar	5,1 millionar
Unytta midlar overført frå 2013	5,36 millionar	1,77 millionar
<u>Inndratte midlar i 2014 på tiltak med utgått frist</u>	<u>1,88 millionar</u>	<u>-</u>
<b>Til disposisjon for 2014</b>	<b>17,75 millionar</b>	<b>6,87 millionar</b>
Løyvd i 2014 (233 søkjarar)	16,47 millionar	2,93 millionar
Rogaland sin tildelte årsramme for 2015	8,00 millionar	2,00 millionar
<u>Unytta midlar overført frå 2014</u>	<u>1,28 millionar</u>	<u>3,93 millionar</u>
<b>Til disposisjon for 2015</b>	<b>9,28 millionar</b>	<b>5,93 millionar</b>

## Bruken av SMIL-midlane i 2014

Miljøverdiane i eit kulturlandskap og vilje til vedlikehald desse verdiane, skal vere utløysande for å få løyvd tilskot. Oppslutninga kring SMIL-ordninga i 2014 er den høgaste noensinne. 233 søkjarar fekk løyvd til saman 16,47 millionar, mot 12,33 millionar i 2013. Den høge aktiviteten skuldast i hovudsak auke i kostnadsnivå, større tiltak og mykje aktivitet på restaurering av bygningar. Det har vore mest aktivitet på kulturlandskap medan aktiviteten på ureining var lågare enn ønskja og forventa.

### Fordeling av løyvd SMIL-tilskot frå 2010 til 2014 var slik (avrunda tal):


	2010	2011	2012	2013	2014	
Tal søkjarar	193	224	207	207	233	
Kulturlandskapstiltak	8 750 000	9 197 000	9 419 000	9 496 000	12 711 000	77,2%
Miljøtiltak	460 000	1 355 000	1 810 000	1 833 000	1 619 000	9,8%
Planleggingstiltak	1 200 000	1 048 000	905 000	1 049 000	2 139 000	13,%
<b>Sum</b>	<b>9 400 000</b>	<b>11 570 000</b>	<b>12 134 000</b>	<b>12 338 000</b>	<b>16 470 000</b>	

### SMIL-tilskot til planlegging og tilrettelegging: 2,139 millionar (13 %)

Fleire kommunar har over fleire år bidrege til overordna planlegging og tilrettelegging av tiltak på tvers av grunneigedomar. Dei løyvde SMIL-midlane nyttast til oppsett av skjøtsplanar, kart over turstiar, ferdsels- og informasjonstiltak, - og planlegging av reinseparkar.

I 2014 ble det til dømes løyvd SMIL-midlar til utarbeiding av ein ny plan for ureiningstiltak langs heile Stangelandsåna i Sandnes kommune. Dette gjer at vi kan vente fleire individuelle søknadar på ureiningstiltak i Sandnes kommune i 2015.

Kommunane vore med på å planleggja og leggja til rette for det heilskapelege nettverket av turstiar på tvers av grunneigedomar som no er å finna mange stader i Rogaland. Tiltak for å synleggjere kulturminnar, utsiktsrydding, oppsett av gjerdeklyvarar og at traseane vert lagt med omsyn til sårbare arter (flora og fauna) er blant positive tiltak som følgjer med etableringa av desse turstiane.



## SMIL-tilskotet til kulturlandskapstiltak: 12,71 millionar (77,2 %)

- 46,1 % til bygningar og kulturminnar (7,6 millionar)

Det var ekstra høg aktivitet på restaurering på freda og verneverdige bygg i 2014, - noko som kan skuldast utsiktane om at på restaurering av gamle bygg var foreslått tatt ut av SMIL-ordninga i 2015. Eit godt samarbeid mellom kulturminnemyndigheitar og forvaltning i Rogaland gjer at bygningar med høg samfunnsmessig kulturhistorisk verdi har blitt ivaretekne. Vedlikehald av steingardar har hatt stor oppslutning på Jæren i mange år.



Før



Etter

- 18,7 % til kulturlandskapstiltak (3,07 millionar)

Fylkesmannen har stimulert til auka innsats for ivaretaking av kystlynghei, gamal kulturmark og biologisk mangfald etter naturmangfaldlova. Dette visas att i at SMIL-løyvingar til skjøtsel av kystlynghei er spreidd over heile Rogaland. Mange har fått løyvd tilskot til inngjerding av kystlynghei og gamal kulturmark. Ein klar grense mot innmarka hindrar ei stegvis oppgjødsling av område med verdifullt biologisk mangfald.



Kommunane er meir konsekvente på å handsama søknader etter føremålet med SMIL-ordninga. Det er ei klar reduksjon avslag på saker som ligg utanfor ramma av SMIL-forskrifta. Eit døme på dette er avslag på søknadar om tilskot til rydding av attgrodd innmarksbeite som berre har beiteverdi og som fell inn under "vanleg landbruksdrift".

- 11,8 % til tiltak på opplevingar/ferdsel (1,9 millionar)

Det etableras fortsatt nye turstiar i fylket. Mange kommunar som satser på turstiar i pressområdar. Turstiar i pressområdar kan være så verdifulle for samfunnsgrupper at det er motstand mot at areal kring turstiar blir omdisponert til utbygging. Turstiar i strandsonen er eit godt middel mot for stor grad av privatisering av strandsonen.



5 kommunar fekk løyvd SMIL-midlar på til saman 125 gjerdeklyvarar i 2014. Desse blir etter søknad frå grunneigararar, sett ut langs etablerte turstiar på inn- og utmark. Auka trafikk av turgåarar frå fjern og nær er til direkte gunst for reiselivsnæringa samstundes som verdien av landbrukets innsats i kulturlandskap kjem klart fram.



## **SMIL-tilskot til miljøtiltak: 1,619 millionar (9,8 %)**

*12 nye reinseparkar ble etablert i Rogaland mot 14 i 2013.*

Vi så gjerne at fleire i dei mest landbruksintensive områda i Rogaland nytta seg av SMIL-midlar til bygging av reinseparkar for å redusere nærings- og partikkelavrenning frå landbruksareal. Iverksetjinga av handlingsplan for vassforvaltning gjør det naudsynt med ein auka innsats frå landbruket sin side på tiltak som reduserer avrenning av næring og jordpartiklar til vassdrag framover.



## **Fylkesmannen opplever ein relativt god kopling mellom SMIL og RMP**

RMP verkar å vere utløysande for SMIL-tiltak, og omvendt. Skjøtselskrav i RMP gjer at turstiar på innmark og utmark, og andre viktige kulturlandskapselement blir ivaretekne og vedlikehalde. Gjennom tilskot til drift av kystlynghei i RMP opplever vi at mange motiveras til ein kontinuerlig innsats for å ivareta kystlyngheia.

Ordninga i RMP med tilskot til miljøvennlig spreining av husdyrgjødsel og gjødslingsfrie randsoner er i 2015, utvida til å gjelde for fleire landbruksintensive områdar i Rogaland. Vårt mål om å auka interessa for søking på SMIL-midlar til tiltak mot ureining langs vassdrag i prioriterte nedslagsfelt for RMP vil bli høgt prioritert. Ordninga med tilskot til miljøvennlig spreining av husdyrgjødsel og gjødslingsfrie randsoner i RMP er utvida til å gjelde for fleire landbruksintensive områdar i Rogaland som til dømes heile Vindafjord kommune. Vi vil jobbe for at fleire søker på ureiningstiltak gjennom SMIL.



## **Dreneringstilskot i 2014**

Rogaland sin årsramme for dreneringstilskot	: 5,10 millionar
Unytta midlar overført frå 2013	: 1,77 millionar
Til disposisjon for dreneringstiltak i 2014	: 6,87 millionar

**Rogaland bruke ikkje opp dreneringstilskotet i 2014.** 177 søkjarar fekk løyvd 2,93 millionar til drenering av 2 470 daa fulldyrka areal og 27 630 m avskjæringsgrøftar/grøfter til punkt drenering. 3,93 millionar ble overført til 2015.

**Kravet om kulturminnemyndigheiter sin uttale** i søknadar på drenering er orsaka til at gardbrukarar vel å drenere utan å søkja tilskot. Då slepp dei unna kravet om vurdering av kulturminnar og kunne utføra denne jobben etter eige ønskje og til den tida som eignar seg best for å utføre jobben..

**Eit samarbeid med kulturminnemyndigheiter** hausten 2013 resulterte i at berre sakar med stor moglegheit for konflikt med automatisk freda kulturminnar skulle sendas inn til vurdering hjå kulturminnemyndigheitene.



## **SMIL og dreneringstilskot i 2015**

**Det er 2 store endringar i den SMIL-forskrifta.** Søkjarmassen er avgrensa til føretak som oppfyller vilkåra for søking på produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Krava til miljøplan som no er avvikla, er lagt inn i den nye SMIL-forskrifta.

### **Informasjon ut og rettleiing av kommunane på endringar i SMIL-forskrifta samt å oppmoda kommunane til å oppdaterte sine SMIL-strategiar blir prioritert i 2015.**

Fylkesmannen vil rettleie kommunane på SMIL og dreneringsordninga gjennom dialogmøtar, administrasjonsverktøy, e-post, og telefon. Det er mange bønder som er positive til å drenere og å gjere ein ekstra innsats på ureining og kulturlandskap i Rogaland. Med betre informasjon ut, god fagleg oppfølging og samarbeid med rådgivingsinstansar og god kontakt med faglag i landbruket kan forvaltninga sikre ein betre og meir målretta innsats etter formåla i SMIL-ordninga. Dette opnar òg for at fleire vil søkja på RMP-midlar framover.

**Den nye styringsgruppa for SMIL-ordninga i Rogaland** er satt saman av tilsette hjå Fylkesmannens landbruks- og miljøvernabdeling, tilsette i kommunale landbrukskontor, Bondelag, Bonde- og småbrukarlag og Norsk Landbruksrådgiving. Styringsgruppa skal i hovudsak bidra med innspel og idear til betre målretting og heilskapleg bruk av SMIL-midlar, og vere eit bindeledd mellom forvaltninga, fagfolk og fagorganisasjonar i landbruket. styringsgruppa

**Fylkesmannen vil kjøre 5 desentraliserte samlingar om SMIL- og dreneringstilskot for tilsette i kommunane våren 2015.** Desse samlingane finner stad på Jæren, Nordjæren, Dalane, Ryfylke og Nordfylket. Målet med desse samlingane er å informere og rettleie kommunane om endringar av SMIL-forskrifta, medverke til at kommunane i sine nye SMIL-strategiar prioritetar tiltak som har best effekt på miljø, - og å ta opp problemstillingar kommunane er opptekne av i samband med forvaltning av SMIL- og dreneringsordninga.

